



Lærdal
kommune

Årsplan for Lærdalsøyri barnehage 2022-2023



Tryggleik og individuell utvikling for alle

laerdal.kommune.no



Anne Margrete Hatlelid
Einingsleiar

Telefon **40 82 55 75**
anne.margrete.hatlelid@
laerdal.kommune.no



Elin Bjørkum
Assisterande styrar

elin.bjorkum@
laerdal.kommune.no



Innhald



Grøne Lærdal

Barnehagen si satsing på
miljømedvitne Lærdøler

8

Visjon og verdigrunnlag
Tryggleik og individuell
utvikling for alle

D

Fokus på dei grunnleggande
bærekraftsmåla

11



Tett på **12**

Om barnehagen	3
Samarbeid	4
Avdelingane og personale	5
Vatnprosjektet	9
Klubben	13
System for styrka læring	18
Årshjul/kalender	21



Om Lærdalsøyri barnehage

Lærdalsøyri barnehage er plassert i landlege omgivnader sentralt på Lærdalsøyri i Lærdal kommune. Frå å være ein 6-avdelings barnehage i mange år, utvida me våren 2022 til igjen å vere sju avdelinagar.

Barnehagen har vore i drift sidan tidleg på 70-talet, men består i dag av to bygg frå 1989 og 2011.

Me har tre avdelingar for småbarn som er lokalisert i «Gamle barnehagen».

I «Nye barnehagen» vil me barnehageåret 22-23 ha ei eiga avdeling for Klubben, som er førskulegruppa vår. Dei er fødd i 2017. Ei avdeling vil vere ei mellomavdeling for born fødd 2018-2020, medan dei to siste avdelingane er for born fødd 2018-2019.

Gjennom prosjektet «Tett på» satsar kommunen på å styrke borns oppvekstvilkår i Lærdal. I samband med prosjektet er vi i det komande barnehageåret inne i ein spanande periode, der me prøver ut ei styrka grunnbemanning og ei eiga prosjektstilling knytt til overgangen fra barnehage til skule.

Barnehagen har eit allsidig personale, og barnehageåret 22-23 tel me til saman 32 tilsette. Me oppfyller både bemanningsnorm og pedagognorm.

Bemanningsnorma stiller krav til at barnehagen har ei bemanning som tilsvrar minimum ein voksen per tre barn under tre år, og minimum ein voksen per seks barn over tre år. Den skjerpa pedagognorma stiller krav om minimum ein pedagog per sju barn under tre år, og minst ein pedagog per 14 barn over tre år.

Nytt for barnehageåret er at me har fått på plass ein kjøkenressurs i 40% som skal veksle mellom å lage mat for heile barnehagen, og å ha ansvaret for pedagogisk aktivitet knytt til matlaging saman med borna.

Kjøkenressursen har eit tett samarbeid med helsejukepleiar i kommunen. Ho har eige kontor i barnehagen, der ho gjennomfører kontrollar i eit miljø som er kjent og trygt for borna.

Dette er og eit tiltak knytt til prosjektet «Tett på». Det å la borna få like moglegheiter til å erfare og få kunnskap om sunn mat og kosthald, meiner me kan bidra til ein god start i livet.

Me har eit stort uteareal i barnehagen, der barna kan leike og utfalde seg fysisk. Uteområdet fekk eit løft i løpet av barnehageåret 21-22. Målet no er å få laga til eit fint trafikkmiljø på leikeområdet, med skilt, vegar, fotgjengarfelt og rundkøyringar. Me ønsker å lære borna korleis ein trygt skal ferdast i trafikken.

Barnehagen har og ein flott naturleikeplass like i nærleiken av barnehagen. Her har me gapahuk, bålplass og moglegheiter for kreativ leik i skog.

Barnehagen har eit samarbeid med Lærdal kulturskule, og ein gong i veka har me musikkbarnehage.

Samarbeid i Lærdalsøyri barnehage

«Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppennivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet» (Rammeplanen s.29).

Foreldreutvalet (FAU)

I Lærdalsøyri barnehage har me eit demokratisk val ved første foreldremøte på hausten. Då vert det veld ein foreldrerepresentant og ein vara frå kvar avdeling. Desse utgjer Foreldreutvalet (FAU) ved barnehagen. Foreldreutvalet har gjennom åra hatt ønske om at einingsleiar er sekretær for FAU. FAU har og moglegheit til å gjennomføre møte utan einingsleiar dersom dei opplev eit behov for dette.

Følgande representantar er vald inn i FAU for barnehageåret 2021-2022:



Gul avdeling
1: Monica Skjeldestad
2: Sissel Øye



Løvetann
1: Johanne Ohnstad Bakk
2: Kaja Blikra



Grøn avdeling
1: Marita Tønjum Skjerdal
2: Ingeborg Lysne



Blåklokka
1: Ingrid Zwart
2: Johan Hame



Raud avdeling
1: Øyvind Aarethun Lysne
2: Jostein Avdem Fretland



RaudKløver
1: Marita V. Bratteteig
2: Åslaug Golf kaardal



Blå avdeling - Klubben
1: Ørjan Klingenberg Brugrand
2: Guro Eri Jacobsen

Samarbeidsutvalet (SU)

Ved første møte i FAU på hausten vel utvalet roller, der i blant leiar og nestleiar. Desse verva utgjer dei føresette sine representantar i Samarbeidsutvalet, også kalla SU.

Ved første personalmøte på hausten vel dei tilsette i barnehagen to medarbeidarar som representerer personale i SU.

Barnehagen sine vedtekter gir og føringar for at den politiske leiinga i kommunen skal vere representert. Denne representanten er det kommunestyret som vel.

Einingsleiar i barnehagen er fast medlem i SU.

Følgande representantar er vald inn i SU for barnehageåret 2021-2022:



Foreldrerepresentant
Ingrid Zwart
Medlem



Foreldrerepresentant
Monica Skjeldestad
Medlem



Tilsetterepresentant
Jorunn Vindedal
Medlem



Tilsetterepresentant
Nikolai Sommer Os
Medlem



Folkevald representant
Birgit Olaug Lervik
Medlem



Einingsleiar
Anne Margrete Hatlelid
Sekretær



**Lærdal
kommune**

Kontaktinfo avdelingane



Gul
avdeling
47487144
Barn 3-4 år



Grøn
avdeling
47487112
Barn 2-4 år



Blå
avdeling
47683171
Barn 5-6 år



Raud
avdeling
47487103
Barn 3-4 år



Løvetann
99088138
Barn 1-3 år



Blåklokka
47487053
Barn 1-3 år



Raudkløver
47487042
Barn 1-3 år



Lærdal
kommune



Tone Fredheim

Pedagogisk leiar 100%



Elin Bjørkum

Pedagogisk leiar 50%
Ass.styrar 50%



Mari Ulviksbakken Gram

Barne- og ungd.arbeidar 80%
Permisjon frå nov.2022



Anette Sundal

Pedagogisk leiar 80%



Cathrine Houge Seim

Pedagogisk leiar 20%
Barnehagelærar 80%



Jorunn Vindedal

Barnehagelærar 70%



Anne-Lise Strand

Pedagogisk leiar 100%



Marinne Brøyn Jordalen

Pedagogisk leiar 50% - konstituert
Barne- og ungdomsarbeidar 50%



Anne Molde

Barnehagelærar 70%



Monica Haugen

Pedagogisk leiar 90%



Anja Ulviksbakken

Barne- og ungd.arbeidar 100%



Elisabeth Nesbø

Miljøterapeut 100%



Nikolai Sommer Os

Pedagogisk leiar 100%



Heidi Merete Hjermann

Barne- og ungd.arbeidar 60%



Randi Beate Lervik Einemo

Assistent 80%



Ingvill Blaaflat

Pedagogisk leiar 100%



Undis Forberg

Barne- og ungd.arbeidar 100%



Lene Lysne

Barne- og ungd.arbeidar 100%



**Lærdal
kommune**



Malin Berge Solheim

Barnehagelærar 100%
Prosjekt overgang barnehage skule



Veronica Lene Moss

Barne- og ungd.arbeidar 60%
Kjøkenressurs 40%



Shadan Saifadin Abdollah

Assistent 100%
Til og med desember 2022



Anna Gjesdal

Pedagog styrking 100%



Pernille Bale

Lærling barne- og ungd.arbeidar
100%



Pia Berg Nemeth

Assistent 100%
Frå og med desember 2022



Vilde Bjørkum

Assistent 100%



Peiman Said Ali

Assistent 100%



Reidun Hægglov

Tilkallingsvikar



Gøran Klingenberg

Barne- og ungd.arbeidar 100%



Sonja Kristine Strupstad

Barne- og ungd.arbeidar 80%



Gro Agnete Nybø

Tilkallingsvikar



Anne Grøttebø

Barne- og ungd.arbeidar 100%



Beate Gjerde Stølen

Assistent 20%



Ratthkorn Snitphan (Gifty)

Tilkallingsvikar



Inger Karin Skjeldestad

Assistent 100%



Eli Vindedal

Assistent 80%
Permisjon frå 12.12.2022



Julie Christine Mabao

Assistent 100%
Fom 12.12.2022



**Lærdal
kommune**



Tryggleik og individuell utvikling for alle

Barnehagen sin visjon og verdigrunnlag

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling» (Rammeplanen s.7).

Lærdalsøyri barnehage skal legge til rette for eit godt samarbeid med foreldre, og ha eit særskilt fokus på barndomen si eigenverdi i det pedagogiske arbeidet.

Barndomen er ei tid der barn dannar grunnmuren i livet. Me skal vere ei støtte for barna i denne prosessen. Trygge rammer og anerkjennande vaksne skal vere eit bærande element i alt me gjer.

Tryggleik og individuell utvikling heng saman. For å kunne lære og utvikle oss, lyt me kjenne oss trygge.

Tryggleik

Barn og foreldre skal oppleve å verte møtt med respekt, anerkjenning og omsorg. Barn og foreldre skal oppleve at dei har reell medverknad.

Personalelet skal oppleve føreseielege rammer og kunne vere med å påverke arbeidskvardagen sin.

Individuell utvikling

Barn og foreldre skal oppleve at det er progresjon i læringer og utviklinga til kvart einskilt barn. Det dei meistrar med litt hjelp i dag klarar dei gjerne åleine i morgen.

Personalelet skal oppleve at dei får nytte kompetansen sin og får tilført ny kompetanse der det trengs. Dei skal kunne vere med å utvikle barnehagen.

Pilotprosjekt i Lærdalsøyri barnehage

Eit prosjekt om vatn

Barnehageåret 2022-2023 vil Lærdalsøyri barnehage ha eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og BARNkunne, deira senter for barnehageforsking.

Lærdalsøyri barnehage vil vere ein av pilotbarnehagane i eit større forskingsprosjekt kring barn si undring kring vatn.


Me skal ta utgangspunkt i lokal tilgang på vatn, og samle inn Barnesamtalar/praksisforteljingar der barna undrar seg over vatn.

Barnehagar i Noreg, Tanzania, New Zealand og Thailand deltek i pilotprosjektet.



Høgskulen
på Vestlandet

BARNkunne
Senter for barnehageforsking



Lærdal
kommune



Grøne Lærdal er visjonen for bygda vår, som strekk seg frå Filefjell og Hemsedalsfjellet og heilt ned til Sognefjorden. Visjonen er knytt til eit klart ønskje om å verta ein av dei beste kommunane på *det grøne skiftet*.

Dette tyder at me i barnehagen skal bidra til at Lærdal når sine mål i *Plan for klima, energi og miljø*. Blant anna skal me gjennom året arbeide for å bli *Miljøfyrtårsertifisert*.



Gjennom arbeid med FN sine bærekraftsmål ønskjer barnehagen å saman med barna skape forståing for at det me gjer i dag, har konsekvensar for framtidia. Me vil undre oss saman med barna for å danne grunnlag for kritisk tenking, handle etisk og syne solidaritet.

Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver:

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det» (Rammeplanen s.10).




Lærdal
kommune

Fokus på dei grunnleggande bærekraftsmåla

Barnehageåret 2021-2022 var det første året der me tok FN sine bærekraftsmål inn i barnehagen sin årsplan. Me ønska då å knyte alle bærekraftsmåla saman med aktivitetane våre, noko som synte seg å vere noko ambisiøst.

Etter ei evaluering ønska me å fokusere på dei fire bærekraftsmåla som er bærande for alle dei andre måla, sjølve grunnmuren i eit bærekraftigt samfunn:



Lærdal
kommune



Tett på

Ei satsing på tidleg innsats kring barn og unge

Lærdalsøyri barnehage skal samarbeide med helse, barnevern og oppvekst Lærdal om prosjektet «Tett på».

I «Tett på» vil Lærdal kommune sette i verk konkrete tiltak for å gi gravide, foreldre, born og ungdom ei lågterskel støtte på eit tidleg tidspunkt når ein har behov.

Konkret for barnehagen handlar det om å auke bemanninga og at ein går inn med ei prosjektstilling i overgangen mellom barnehage og skule. Helsesjukepleiar har og fått eige kontor i barnehagen der helsestasjonskontrollar kan gjennomførast, samt faste tider i barnehagen for eit nærmare samarbeid med barnehagens personale.

I barnehagen har me og fått midlar til ein kjøkenressurs, som saman med helsesjukepleiar skal ha fokus på sunn og variert kosthald i barnehagen, samt eit pedagogisk opplegg der borna knytter nærmare kjennskap til kva naturen byr på av matopp. BTI, som står for «Betre Tverrfagleg Innsats», skal implementerast som eit verktøy som tydeleggjer kva hjelp barnet og foreldra får.

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga» (Rammeplanen s.33).

Gjennom barnehageåret 2020-2021 prøvde vi for første gong å gjennomføre ei heil Klubbveke kvar månad. Dette var eit resultat av pandemien med strenge kohort- og smittevernsreglar.

Dette synte seg å vere eit vellykka tiltak der barna blei kjend med kvarandre på ein heilt anna måte enn tidlegare. Barnehagen fekk eit meir heilskapleg bilet av dynamikken i gruppa, både kva dei treng å jobbe med, samt styrkene. Dette meiner me vil førebu både barna og skulen på ein heilt anna måte.

Barnehageåret 2022-2023 har me for første gong samla Klubben på ein eigen avdeling igjennom heile barnehageåret.

I Klubben skal me ha eit spesielt fokus på sosial kompetanse og vennskap. Me skal undre oss saman med barna på ein slik måte at dei får høve til å gle seg til å byrje på skulen, og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehage og skule.

I Klubben er me mykje ute, og nyttar heile Lærdalsøyri som arena for læring og undring. Politiet kjem på besøk for å snakke med barna om grenser og kven som bestemmer oss .

Lærdalsøyri barnehage skal legge til rette for at borna får med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigkeit og tru på eigne evner.


«Ein god samanheng mellom barnehage og skule skal ivareta barna sine behov for tryggleik og gode opplevingar som fremjar læreryst og forventningar»



I 2022-2023 har Klubben fått løyvd pengar til å gjennomføre vatn-tilvenning i bassen. Kvar måndag er ei lita gruppe på 5-6 barn frå Klubben i bassenget ved Lærdalsøyri skule. Symjelærar, samt to tilsette frå Klubben er med i bassenget.

Klubben 2022-2023

Ein trygg overgang frå barnehage til skule



I løpet av 2021 har Lærdal kommune som mål å bli ein Trafikksikker kommune. For barnehagen inneber det eit auka fokus på trafikktryggleik:

Me vil i løpet av året ha trafikkopplæring som ein del av omsorgs- og opplæringsarbeidet i barnehagen.

Me vil stille krav til busselskap og drosjar om belte og trafikksikker åtferd ved kjøp av transporttenester.

Alle tilsette skal kjenne til rutinar for håndtering av uføresette faresituasjoner og hendelsar på turar.

Barnehagen har utarbeida rutinar for å ta i vare sikkerheten på turar til fots, med el-sykkel, bil eller kollektivtransport.

Barnehagen har også rutinar for å ivareta barna si tryggleik ved barnehagen sin parkeringsplass og port.

Desse rutinane vert gjennomgått på foreldremøte i oktober. Då vil me og ha fokus på korleis barna på ein god måte kan sikrast i bil.

Trafikktryggleik og trafikkopplæring vil vere fast tema på foreldremøta på hausten.

«*Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt*» (Rammeplanen 2017, s.56).



På turar og i samlingar vil me samtale om trafikktryggleik, og i veke 6. februar 2022 vil me ha ei eiga trafikkveke med særskilt fokus på temaet.



Trafikksikker barnehage



I februar 2022 har me ei temaveke med ekstra fokus på trafikk. Trafikktryggleik vil og bli arbeida med elles gjennom året.

Barna vil bli kjende med trafikkreglar for fotgengrarar, og korleis ein nytter sansane i trafikken. Dei vil også lære om bruk av bilbelte, sykkelhjelm og refleks.



Ein barnehage for alle!

I Lærdalsøyri barnehage ønskjer me å bidra til auka kunnskap om kjønnsmangfold, identitet og uttrykk som finst i samfunnet. Me ønskjer å bidra til at barna får eit naturleg forhold til at alle menneske er ulike, og at alle har krav på respekt, uavhengig av seksuell legning, utsjånad eller funksjonsevne.

Kvar dag i juni månad flaggar med for eit fargerikt felleskap, med rom for alle. Me samtalar med barna om at mangfold og ulikskap er fint, og at alle skal få lov å vere den dei vil vere, og vere glad i den dei vil vere glad i.

Barnehagen byggjer det pedagogiske innhaldet på regjeringa si handlingsplan mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk «Trygghet, mangfold og åpenhet»:

[https://www.regjeringen.no/
contentassets/6e1a2af16327
4201978270d48bf4dfbe/lhbt
_i_handlingsplan_web.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/6e1a2af163274201978270d48bf4dfbe/lhbt_i_handlingsplan_web.pdf)

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfold og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigkeit og undring over likskapar og forskjellar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet. (...) Barnehagen skal synleggjere eit mangfold i familieformer og sørge for at alle barn får spegla familien sin i barnehagen» (Rammeplanen s. 9-10).





Politiet vitjar barnehagen

Kvart år vitjar det lokale politiet barnehagen. Alle får helse på dei, noko som er veldig stas for barna.

Politiet i Sogn har laga eit undervisningsopplegg som skal brukas i alle barnehagane i Aurland, Lærdal, Årdal, Sogndal, Luster, Leikanger og Vik. Opplegget er for 5 og 6-åringene, altså dei som skal byrje på skulen.

Målet er å få det førebyggjande arbeidet inn i et årshjul. Politiet ønskjer at alle skal være kjend med at dei vil kome på besøk til barnehagane, og at dette skal skje på eit omtrentleg fast tidspunkt kvart år.

Tema dei ønskjer å snakke med barna om er vennskap, hemmelegheiter og kropp.

Ved temaet vennskap samtalar dei om det å vere venner og uvenner, kven som bestemmer i eit vennskap, om det er lov å seie nei til ein venn og om det å vere åleine.

Ved temaet hemmelegheiter samtalar dei om det å ha gode eller vondte hemmelegheiter, og det å fortelje andre om ein hemmelegheit.


Ved temaet kropp samtalar dei om jente- og gutekroppar, kven som bestemmer over kroppen og grenser.

Politiet meiner at det ikkje er for tidleg å snakke med 5-åringar om kropp og seksuelle overgrep.

Ungdommar/vaksne som har blitt utsett for seksuelle overgrep då dei var små seier «kvifor var det ingen som fortalte meg at dette ikkje var lov». Dei trudde det skulle vere slik fordi dette var kvardagen. I tillegg blei dei trua til å tie, trua med at noko ville skje, og derfor blei ingenting sagt.



Lærdal
kommune



Temaveker

Brannvernveka og førstehjelpsveka

Barnehagen samarbeider med lokale instansar innan både brannvern og helsehjelp.

På hausten deltek barnehagen på den nasjonale brannvernveka, der borna får kjennskap til førebyggande aktsamheit, samt kva me må gjere deresom det brenn.

Også ambulansen med dyktige ambulansearbeidarar kjem på besøk til oss og lar borna få stifte kjennskap til kva som skjer når ein ambulanse kjem, og kva utstyr dei har i bilen.

Me takkar for at både lokalt politi, Lærdal brannvern og tilsette i Helse Førde bidreg til denne viktige læringa for Lærdal sine born.



Barnehage- og skuleutvikling


System for styrka læring

Barnehagane i Lærdal kommune tek del i Sogn regionråd sitt felles program for barnehage- og skuleutvikling.

Hovedmålet for det regionale programmet er auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa opplæring og redusert bruk av spesialundervisning.

Ny programplan er vedteken i kommunestyret i Lærdal, samt i utval for levekår og Lærdal ungdomsråd. Planen gjeld for perioden 2022-2030.

Lærdalsøyri barnehage deltek i fagnettverk der innhaldet er knytt til- og forankra i Programplan for system for styrka læring i Sogn 2022-2030.



Utviklingsarbeidet inneber breitt samarbeid mellom kommunane og med eksterne aktørar mellom anna med undervisnings- og forskingsmiljø.

I programplanen for 2022-2030 har me fokus på fire programområde der alle har eige fagnettverk:

- 1. Fysisk og psykisk helse**
- 2. Tidleg innsats og språkutvikling**
- 3. Kreativitet, skaparglede og entrepenærskap**
- 4. Medverknad og vurdering for læring og gjennomføring**

Styrar- og assisterande styrar deltek på styrarnettverk som og er knytt til Sogn regionråd.

I tillegg deltek me på fagdag for psykisk helse og autisme.

Planleggingsdagen i november er felles for alle barnehagane i Sogn. Denne dagen er det felles fagutvikling for alle barnehagane i regionen.

Programplanen kan de lese her:

<https://www.sogn.regionraad.no/barnehage-og-skuleutvikling.6047801-460955.html>



Livsgledebarnehage

Lærdalsøyri barnehage har faste songsamlingar på Lærdal bu- og omsorgsheim. Kvar tysdag går ei barnegruppe på besøk, til stor glede for dei eldre.

«Barnehagen skal legge til rette for kulturmøte, gi rom for barna si eiga kulturskapning og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap»

(Rammeplanen, 2017, s.9).

Me ønskjer at barna skal få bli kjent med korleis samfunnet tek vare på dei eldre, og korleis me kan vere til glede for kvarandre gjennom song, samtale og aktivitet.

Ved juletider går me Lucia-tog til Lærdal bu- og omsorgsheim, men og på besøk ved andre høgtider eller passande anledningar.

Livsglede
for Eldre



**Lærdal
kommune**



Jutlamannen og Olav den Heilage

Då Olav den Heilage i 1023 reid gjennom Lærdal på veg over Filefjell for å kristne Valdres, mista hesten hans etter segna ein sko ved Bjørkum. Kongen ville sjølv sette hesteskoen fast att, men då Olav skulle slå inn saumen missa han og trefte ein Stein i staden for.

Ei gyger og ein jutul som budde i fjellet, såg det heile og lo høglydt av kongen. Noko som gjorde Olav sint, ja reint ut forbanna. «Statt de der i stokk og stein, og ver ikkje folk til mein», mana kongen mot Jutlamannen og kona hans – og i same augneblinken vart dei til Stein.


Etter 800 år til saman klarte ikkje gygra meir. Ho ramla ned ein gong på 1800-talet. Men Jutlamannen stend der den dag i dag og stirrar utover dalen.

Som eit prov på at segna verkeleg er sann, er ein Stein med eit djupt merke etter hammaren. Steinen ligg i dag ved Husum Hotell nær Vindhella.



Årshjul med fagområde

og FN sine bærekraftsmål



Måndag

1.

V.31

8.

V.32

15.

V.33

22.

V.34

29.

V.35

22

Tysdag

2.

9.



Onsdag

3.

10.

17.

24.

31.

22

Torsdag

4.



18.

25.

30.

23

Fredag

5.

12.

19.

26.

31.

24

6 REINT VATH OG GODE SANITÆRFORHOLD



13 STOPPE KLIMAENDRINGERNE



14 LIVET I HAVET



15 LIVET PÅ LAND



Lærdal
kommune



Kommunikasjon, språk og tekst

«I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigkeit, bevisstheit og utvikling. I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforsking av både munnlege språk og skriftspråk» (Rammeplanen s.48).

August månad er ein spesiell månad i barnehagen. Fleire barn møter barnehagen for første gong, og mange får ein ny kvardag på storbarnsavdeling. Det å skape trygge og føreseielege rammer for barna er det aller viktigaste me som personale gjer denne månaden.

I lese- og songsamlingar, der barna får sitte på fanget, skapar me relasjoner og gode opplevingar for borna. Me har fokus på korleis språket kan nyttast for å skape relasjoner, danne vennskap, delta i leik og løyse konfliktar.



Lærdal
kommune



Måndag



V.35

V.36

V.37

V.38

V.39

Tysdag



Onsdag



7.

14.



28.

V.35

V.36

V.37

V.38

V.39

Torsdag



Fredag



2.

9.

16.

23.

30.

6 REINT VÅT OG GODE SANITÆRFORHOLD



13 STOPPE KLIMAENDRINGERNE



14 LIVET I HAVET



15 LIVET PÅ LAND



Lærdal
kommune



Nærmiljø og samfunn

Nærmiljø og samfunn er eit viktig tema i Lærdalsøyri barnehage. Å la barna få kjennskap til kva moglegheiter og ressursar som finst i nærmiljøet er viktig for at dei skal føle seg trygge og ha ein god oppvekst i Lærdal.

I september blir barna kjent med viktige hjelpeinstansar som bl.a. Lærdal brannvern igjennom den nasjonale brannvernveka, men også kva som skjer når ambulansen kjem for å hjelpe. Barna får øve seg på å slukke brann og vere pasient.

Lærdal er rik på kulturminne, og særskilt Gamle Lærdalsøyri er eit område me utforskar nærmare. Dei gamle bygningane, arkitekturen, historia og korleis Lærdal har blitt det den plassen me i dag kjenner er ting me undrar osskring saman med barna.



Lærdal
kommune





Nærmiljø og samfunn

September og oktober

Å lære om samfunnet også utanfor Lærdal er ein viktig del av det å vekse opp. Me har barn frå mange nasjonalitetar, og har eit positivt fokus på mangfaldet og kor bra det er for barnehagen og Lærdal at me får vere saman her i Lærdal.

Heimlandsfokus der barna får fortelje om sitt opphav er ein viktig del av det å la barna få skape ein identitet dei er stolt av.



Me vitjar Villakssenteret i Lærdal, der me lærer om laksen i elva, og kor viktig den har vore og er for lokalsamfunnet.




I Lærdalsøyri barnehage har me ei årelang tradisjon knytt til FORUT sin barneaksjon. Måla med aksjonen er å:

Gjere barna kjend med andre kulturar og daglegrivet til barn i andre land. FORUT ønskjer å skape nysgjerrigkeit og engasjement, byggje toleranse, omorg og empati, og fokusere på at barn har ressursar, evner og ambisjonar. Levekåra kan vere krevjande, og FORUT formidlar både likskap og ulikskap, men og eit felles behov for vennskap, leik, familieliv og tryggleik.

Gi barna verdifull læring og gode opplevelingar gjennom praktisk solidaritetshandling. FORUT har tru på at barn har eit ibuande ønskje om å hjelpe andre, og ein viktig del av FORUT Barneaksjonen er at barn i Noreg gjer ein innsats for å skaffe midlar til prosjekt for barn i andre land.



Lærdal
kommune



Måndag



28.

Tysdag



29.

Onsdag



30.

Torsdag



24.

Fredag



25.

6 REINT VÅT OG GODE SANITÆRFORHOLD



13 STOPPE KLIMAENDRINGERNE



14 LIVET I HAVET



15 LIVET PÅ LAND



Lærdal
kommune



Mengd, rom og form

I november månad utforskar me mengd, rom og form. Med dette får borna mykje grunnleggande erfaring med å orientere seg i landskap, utforske kva om er lang avstand og kva som er kort avstand. Kva er lite, og kva er mykje? Kva er høgt og kva er lågt? Kva former finn me eigentleg i naturen og i barnehagen? Me eksperimenterer med vatn, måler og finn ut av ting.



Lærdal
kommune



Måndag

V.48



Tysdag



Onsdag



7.

14.

21.

Opningstid

28.
i romjula
7.30-15.30

Torsdag



Fredag



9.

16.

23.

Opningstid

30.
i romjula
7.30-15.30

6 REINT VATH OG GODE
SANITÆRFORHOLD



13 STOPPE
KLIMAENDRINGERNE



14 LIVET I
HAVET



15 LIVET PÅ
LAND



Lærdal
kommune



Etikk, religion og filosofi

I desember månad er det feiring av jula som står i fokus. Me høyrer historia om juleevangeliet og lærer kvifor me feirer jul slik me gjer. Me snakkar om ulike trusretningar og deira tradisjonar, og at ikkje alle feirer jul. Me lagar julegåver og har fokus på å glede andre. Me bakar pepperkaker, lussekattar og går i Luciatog. Ér det jul så er det jul, og då må me gå på julebord. Me pyntar oss i finstasen og et tradisjonell norsk julemat. Nissefest og julesong høyrer og til desember månad.



Lærdal
kommune



Måndag

V.1

Bading på Klubben
Musikkbarnehage
Klubben og Raud

V.2

9.
Bading på Klubben
Musikkbarnehage på Grøn & Gul

V.3

Bading på Klubben
Musikkbarnehage
Klubben og Raud

V.4

23.
Bading på Klubben
Musikkbarnehage på Grøn & Gul

V.5

30.
Bading på Klubben
Musikkbarnehage
Klubben og Raud

Tysdag



Onsdag

4.

11.

18.

25.

Torsdag



5.



12.



19.



26.



Fredag

6.

13.

20.

27.

6 REINT VATH OG GODE SANITÆRFORHOLD



13 STOPPE KLIMAENDRINGERNE




14 LIVET I HAVET



15 LIVET PÅ LAND





Kunst, kultur og kreativitet

I 2023 er det 1000 år sidan Olav den heilage kom ridande igjennom Lærdal. Klubben jobbar med temaet Troll, og segnet om Jutlamannen, trollet med nasen i veret. Segnet kan de lese bakerst i årsplanen, Dei andre avdelingane utforskår kunst, kultur og kreativitet gjennom andre kjente eventyr og forteljingar som Hakkebakkeskogen, Karius og Baktus. Også «vann-prosjektet» vårt vil få ein del fokus på nyåret.

Dei minste i barnehagen jobbar med vinter tema, og utforskår sansane gjennom bl.a. maling, snø, is, vatn og dans.



Lærdal
kommune



V.5

V.6

V.7

V.8

V.9

Måndag

6. Me markerer
samane sin
nasjonaldag



PLANLEGGINGSDAG!
20.



Tysdag

7. **Lirsglede**
for Eldre
Småbarn besøker sjukeheimen

14. **Lirsglede**
for Eldre
Småbarn besøker sjukeheimen

Vinterferie-
veka
21.

28. **Lirsglede**
for Eldre
Småbarn besøker sjukeheimen

Onsdag

1.

8.

15.

Vinterferie-
veka
22.

Torsdag



Fredag

3.

10.

17.

Vinterferie-
veka
24.

6 REINT VATH OG GODE SANITÆRFORHOLD



13 STOPPE KLIAMAENDRINGERNE



14 LIVET I HAVET



15 LIVET PÅ LAND





Kunst, kultur og kreativitet

6. Februar er det samefolkets dag. Utforsking av den samiske kulturen og deira tradisjonar har blitt ein viktig del av barnehagen si formidling opp igjennom åra. Me blir kjent med korleis dei levde før og no, kva mat- og klestradisjonar dei har, korleis flagget deira ser ut og korleis dei nyttar lasso for å fange reinsdyra sine.



Lærdal
kommune



V.9

V.10

V.11

V.12

V.13

36

Måndag



Tysdag



Onsdag

1.





15.

22.

29.

Torsdag



Fredag

3.

10.

17.

24.

31.

6 REINT VATH OG GODE SANITÆRFORHOLD



13 STOPPE KLIMAENDRINGERNE



14 LIVET I HAVET



15 LIVET PÅ LAND

Lærdal
kommune



Etikk, religion og filosofi

Mars og april er ei tid der me bruker mykje tid på å snakke om, og førebu oss til påske. Men også andre religionar og tradisjonar får plass hjå oss. Me markerer dei religionane som er representert i barnegruppa, der bl.a. Eid er ein av dei. Me filosoferer rundt kva ulik tru som finst, og snakkar om kva dei ulike religionane trur på, feirer og markerer. Påske og Eid fell i 2023 på om lag samme tid. Etikk er eit tema me jobbar med gjennom heile året. Etikk handlar om å reflektere saman med barna, kring moralske spørsmål som for eksempel korleis me skal vere med kvarandre.



Lærdal
kommune

Måndag

Tysdag

Onsdag

Torsdag

Fredag

V.14



V.15



V.16



V.17



38



6 REINT VATH OG GODE SANITÆRFORHOLD



13 STOPPE KLIMAENDRINGERNE



14 LIVET I HAVET



15 LIVET PÅ LAND



Lærdal
kommune



Natur, miljø og teknologi

Me jobbar med temaet natur og miljø gjennom heile året, men har særskilt fokus på dette i april månad. Ved hjelp av dei fire grunnleggande bærekraftsmåla utforsker me bl.a. livet på land og til vanns. Det er naturleg å fokusere på dei ressursene me har lokalt i Lærdal, bl.a. Lærdalselva med laksen sin. Me plukker søppel og snakkar om kva som er viktig å gjøre for å ta vare på Lærdal og resten av jordkloden.



Lærdal
kommune

Måndag



V.18

V.19

V.20

V.21

V.22

40

Tysdag



Onsdag

3.



10.

17.



24.

31.

Torsdag



Fredag



6 REINT VATT OG GODE SANITÆRFORHOLD



13 STOPPE KLIMAENDRINGERNE



14 LIVET I HAVET



15 LIVET PÅ LAND



Lærdal
kommune



Kropp, rørsle, mat og helse

Med våren i lufta og sommaren på frammarsj nyttar me endå meir av det naturen i Lærdal har å by på. Turar i skog og mark, med nista i sekken og leiken hand i hand. Gjennom heile året nyttar me gymsalen på skulen, men i mai og juni får temaet ekstra stort fokus. Me flettar inn aktivitetar med fokus på korleis me kan hjelpe til med mindre klimautslepp ved å for eksempel gå eller sykle meir, køyre mindre bil og handle kortreist mat som blir dyrka i Lærdal.



Lærdal
kommune



Måndag

V.22



V.23



V.24



V.25



V.26


Tysdag

Me markerer
Pride i heile juni


Onsdag



Torsdag



Fredag



6 REINT VATH OG GODE SANITÆRFORHOLD



13 STOPPE KLIAMAENDRINGERNE



14 LIVET I HAVET



15 LIVET PÅ LAND





Kropp, rørsle, mat og helse

Sølevatn er kanskje ikkje det beste å drikke, men ein viktig del av det å utforske sansane igjennom leik. Gjennom året får barna anledning til å bli kjent med råvarer som blir dyrka både i Lærdal og andre stader. Dei får delta i matlagning, der me samtidig snakkar om sunt kosthald, kva som er bra og kva me må spise litt mindre av. Me flettar inn bærekraftsmål som handlar om reint vatn, og kor viktig dette er for å kunne dyrke og spise trygg mat. Me besøkjer vassverket i Lærdal og lærer om kor me får reint vatn i frå.



Lærdal
kommune



Lærdal
kommune

Lærdalsøyri barnehage

Besøksadresse:
Skulevegen 16, 6887 Lærdal

Postadresse:
Øyraplassen 7, 6887 Lærdal

Telefon:
47 48 70 57

Tryggleik og individuell utvikling for alle



laerdal.kommune.no